



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Den 03.08.11

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

nve@nve.no

Breim Kraft AS – fråsegn til konsesjonssøknaden for bygging av Breim kraftverk i Breimselva, Gloppen

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane viser til søknaden, som i hovudsak går ut på at Breim Kraft AS ønskjer løyve til å bygge eit kraftverk i fjell i Lindvika på Seime, nesten 1,5 kilometer sør for utløpsosen ved Re. Inntaket skal etter planen vere sør for Fløtre, og vatnet vil i det vesentlege gå i tunnel gjennom fjellet til utløp i Lindvika. Slukevna er etter søknaden 2,2 gonger middelvassføringa.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går sterkt i mot å gje konsesjon til den utbygginga det er søkt om. Den viktigaste grunnen til dette standpunktet er omsynet til utløpsosen, naturen og opplevingsverdiane som ligg nedanfor Seime bru.

1. Alternativ plassering av kraftstasjonen

I programmet for konsekvensutgreiinga gav NVE søkeren pålegg om å greie ut eit alternativ med plassering av kraftstasjonen ovanfor Seime bru, og med tilbakeføring av vatnet til elva der, slik at vassføringa vert som nå i dei nedre delane av elva. Dette pålegget har ikkje tiltakshavaren etterkomme på ein måte som gjev overtydande grunnlag for konklusjonen om å søkje berre på ei ubygging. Breim Kraft har greidd ut eit alternativ med kraftstasjon nedanfor brua, eit alternativ som dei ikkje søker om, med den grunngjevinga at det er for dyrt. Dette

skal vere ein konsekvens av mellom anna store mengder lausmassar i det mogelege stasjonsområdet nedanfor bruа.

Vurderingane ser ut til å byggje på den føresetnaden at berre eit stort kraftverk, med slukevne på $60 \text{ m}^3/\text{s}$ og bortimot maksimal fallhøgde, er aktuelt. Etter vårt oppfatning er det ikkje urimeleg at ei mindre utbygging kan vere teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg, sjølv om verket kanskje blir mindre lukrativt enn det søkjaren satsar på. Dersom eit slikt alternativ ikkje er gjennomførleg, eit alternativ som sikrar naturleg vassføring i elveosen, vil vi hevde at naturen ligg ikkje til rette for kraftutbygging i det aktuelle området. Søkjaren har lagt opp til maksimal utnytting av vatnet i elva, utan noko tilpassing til andre interesser som opplagt har krav på omsyn i ei slik sak.

Bileta bak i søknadsdokumentet viser at det er fjell i dagen på sidene av elva ovanfor og nedanfor Rådabrua. På side 61 er det opplyst at Storelva renn stritt på det meste av strekninga, men flatar ut og renn relativt roleg dei siste 600-700 metrane ned mot Breimsvatnet. Å plassere kraftverket så langt oppe at det teknisk er gjennomførleg, vil redusere fallhøgda noko. Vassmengda er så stor at det likevel skulle vere mogeleg å få ut kraft på ein lønsam måte.

Sidan NVE har sett som krav i utgreiingsprogrammet at det blir greidd ut eit alternativ med kraftstasjon ovanfor Seime bru, går vi ut frå at NVE held fast på dette kravet før NVE gjev svar på søknaden, eventuelt at Breim Kraft får høve til å søkje på eit slikt alternativ etter avslag på den søknaden som ligg føre.

2. Konsekvensane av utbygginga

Vi registererer at utgreiingane på dei fleste felt fortel om små negative konsekvensar av utbygginga. Planen går likevel ut på å redusere vassføringa mykje over ei relativt lang elvestrekning. Dette er i eit jordbrukslandskap som for det meste ikkje har særlege verdiar for naturvern, men dette er ikkje tilfelle nedanfor Seime bru. Heile vassdraget – i Stardalen, Mykjebustdalen, Våtedalen, langs Breimsvatnet og mellom Vassenden og Gloppefjorden – er sterkt prega av utbygging. Lindvika, der søkjaren har tenkt å plassere kraftstasjonen og byggje veg over 300 høgdemeter opp, har relativt rik skog og lite av større inngrep frå før.

Landskapet nedanfor Seime bru

Sjølv om der kanskje ikkje finst sjeldne artar eller vegetasjonstypar i og ved utløpsosen, er osen likevel eit lite vanleg landskapselement og naturområde i låglandet. I Nordfjord er det truleg elles berre på Hjelle i Oppstryn at ei større elv har nokolunde uforstyrra utløp i ein innsjø. I Sunnfjord finst noko liknande i Haukedalsvatnet og Viksdalsvatnet. Til Veitastrandsvatnet, Lovatnet, Oldevatnet og Hornindalsvatnet er det mindre elvar som renn inn, i det siste tilfellet utan bre i nedslagsfeltet.

Konsekvensutgreiinga om naturverdiar (flora, fauna med meir) er laga etter ei oppskrift som er logisk nok, men som etter vår oppfatning byggjer på ei skjematiske oppstilling av einskildelement og ei for snever oppfatning av naturen. Artar, vegetasjonstypar eller andre element som ikkje har ein formell status som prioriterte naturtypar, truga artar, verna eller vurdert for vern osv., får konsekvent karakteren 'liten verdi'. Med etiketten 'liten verdi' skal det etter konsekvensvifta svært mykje til for at resultatet får nokon annan karakteristikk enn liten negativ konsekvens. Ein mangel ved dette opplegget er at kunnskapen om naturkvalitetane på det meste av våre areal er mangefull, også etter nokre få dagar i felt i det aktuelle området. Metoden er meir basert på element i naturen enn på vurdering av større økosystem og samanhengar mellom elementa i landskapet. Storparten av areala har vanlege artar og vegetasjonstypar. Likevel kan kombinasjonen av biotiske og abiotiske element vere relativt lite vanleg og grunnlag for ei restriktiv haldning til nye inngrep. Vi meiner dette er tilfelle ved utløpet av Storelva i Breimsvatnet.

Ein annan mangel ved manualen for konsekvensutgreiingar er at metoden i stor grad er basert på den økologiske tilstanden, så langt han er kjend, og i liten grad tek omsyn til dei økologiske prosessane, at artsinventaret normalt er i stadig endring. Dei fleste artane i eit område er vanlege, og dersom det blir lagt for lite vekt på å skjerme dei vanlege artane mot negative endringar av leveområda, risikerer vi at også vanlege artar vert sjeldne. Fossekall er ikkje ein art på raudlista, men fleire ornitologar er redde for at kan komme dit fordi han – utanfor raudlista – ikkje har noko vekt mot den omfemnande utbygginga av småkraftverk. For å hindre at nye artar kjem på raudlista, må vi også ta vare på dei vanlege biotopane og naturtypane.

Større elveosar til ferskvatn er å karakterisere som ein sjeldan naturtype. Etter § 4 i Naturmangfaldlova er målet at

"mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet som økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte

naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det er mulig”.

Vi meiner det vil vere i strid med desse måla å gje løyve til å fjerne mesteparten av vatnet frå elva nedanfor Seime bru., der naturverdiane alt i alt er større og meir sjeldne enn lenger oppe i elva.

Den faglege utgreiinga om ferskvassbiologi avviser at storauren i Breimsvatnet gyt i Storelva. Vi har ikkje opplysningar som gjev grunnlag for å avvise denne konklusjonen. På den andre sida kan det vere grunn til å spørje om gytefisktelling i to år er godt nok grunnlag til kategorisk å avvise ei utbreidd oppfatning hos folk som har fiska i elva i mange år. Og dersom konklusjonen er rett, står det likevel igjen at elva har ein permanent stamme av meir småfallen aure. Om denne stammen kanskje ikkje har særleg verdi for fiskarar, er han ein del av biomangfaldet i elva, og truleg genetisk ulik fiskestammar lenger oppe i vassdraget. Igjen er det grunn til å minne om at vanlege artar og biotopar kan ikkje alltid, av den grunn at dei er vanlege, få liten verdi, om ein legg moderne naturvernkkriterium til grunn for vurderinga. Med det omfanget utbygginga av småkraftverk har fått, er det risiko for at mykje av den genetiske variasjonen innanfor arten aure har gått tapt. Ei slik utvikling er i strid med både naturmangfaldlova og biomangfaldkonvensjonen.

Rapporten om kulturminne og kulturmiljø opplyser at naustmiljøa på Reed har store kulturhistoriske kvalitetar. Reed er kyrkjesteden med fleire kulturminne som delvis er i god stand og som elles vitnar om tidlegare liv i området. Opplevingsverdiane er store – Reedfjøra er ein turiststad og eit relativt mykje brukta friluftsområde. Det er grunn til å hevde at både elva, dagens bygningar og historiske minnesmerke er grunnlaget for at mange søker dit. Landskapet er vakkert. Elva, med varierande vassføring, er ein naturleg og viktig del av heilskapen i landskapet og for opplevingsverdiane.

På denne bakgrunnen meiner vi det er svært gode grunnar til å hevde at ein eventuell konsesjon til Breim Kraft AS må vere slik at søkeren ikkje får løyve til å sleppe ut vatnet ein annan stad enn i elva ovanfor Seime bru. Å sleppe vatnet ut igjen ovanfor bruva vil vere ei rimeleg fordeling av goda mellom dei som ønskjer utbygging og meir allmenne interesser for å ta vare på opplevingsverdiane knytt til natur og kultur i området ved Reedfjøra. Vi meiner òg at ei balansert vurdering av naturkvalitetane ved elveosen åleine tilseier ein slik konklusjon.

Seimestranda

Her er det planar om ein massetipp i vatnet og ein veg eit par hundre høgdemeter opp i lia.

Der er innslag av litt kalkkrevjande og varmekjære artar, med ein lokalitet av svakt utvikla gråor-heggeskog og litt alm. Sjølv om denne lokaliteten ikkje er stor, og heller ikkje godt utvikla, er det vår oppfatning at området har kvalitetar som krev særlege omsyn og utgjer eit sakleg argument mot nye inngrep. I eit område der det meste av skogen lenger nord er prega av planta gran og elles nokså vanlege artar i tresjiktet og undervegetasjonen, ligg den vestvende lia mot Breimsvatnet som eit meir artsrikt og frodig unnatak. Etter det vi kjenner til, er det planta lite gran i denne lia og sørover mot Årdalen, eit moment som tilseier at skogen kan bli ståande med sine naturlege artar i lengre tid enn der grana nå spreier seg raskt frå store plantefelt som produserer mykje frø, og av den grunn vil komme til å konkurrere ut den naturlege vegetasjonen.

Om kraftstasjonen vert liggande i dagen eller i fjellet, er etter vår oppfatning uvesentleg. Derimot ser vi på planen om å dumpe det meste av tunnelmassane i Breimsvatnet ved Seimestranda som ei alvorleg side ved planen. Eit system av lenser skal hindre at fint stoff spreier seg i overflata. Vi kan ikkje sjå at det er planlagt noko som vil hindre at det får stygge konsekvensar for livet i vatnet å tippe 250-300 tusen kubikkmeter stein og finstoff.

3. Interessebalansen

Søkjaren argumenterer med at utbygginga vil gje eigarane og det offentlege større inntekter. Det går fram av kapittelet "Samfunnsmessige virkninger" at konsekvensane for næringsliv og sysselsetting i kommunen vil bli svært små. Ein auke i kommuneinntektene på 0,5 prosent får karakteristikken "litен positiv". Sett opp mot dei negative konsekvensane på fleire felt, kan det etter vår oppfatning ikkje vere noko overvekt av føremonar med denne utbygginga. Kvar av dei negative følgjene er etter søknaden å dømme ikkje store, men dei er fleire. Etter vår oppfatning har heile landskapet nedanfor Seime bru fått for liten verdi i konsekvensvurderinga, slik at det som står i søknaden gjev eit for positivt bilet av situasjonen etter utbygging.

Søkjaren har ikkje, rosverdig nok, argumentert med at distriktet eller nasjonen treng meir kraft. I ein situasjon med fallande forbruk og store eksportoverskot er ein slik argumentasjon ikkje mogeleg. Landet har nett komme gjennom to vintrar med ekstrem og langvarig kulde. Forsyninga heldt, sjølv om eksporten var stor både i 2009 og 2010. Argumentet om at landet treng meir kraft, er å kjenne for daudt og makteslaust.

Motivet bak kvar kraftutbygging er utsikter til nytte for tiltakshavaren. Kvar utbygging er òg eit inngrep i og reduksjon av verdiane for allmenne interesser. Nesten alltid gjeld dette fleire partar og personar enn dei som har nytte av utbygginga. I dette tilfellet vil det bli ein heilt urimeleg ubalanse dersom søkjaren skulle få løyve til å fjerne vatnet frå den nedste delen av elva. Gloppe har så langt mange kraftverk. Dette tilseier at summen av effektane for allmenne interesser må få større vekt enn om saka galdt eit av dei første kraftverka. Etter vår oppfatning er framleggget om minstevassføring ikkje noko som reduserer såret nemneverdig. Framleggget er heller ikkje noko plaster på såret.

4. Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går i mot at Breim Kraft AS får konsesjon til den utbygginga dei har søkt om.

Innvendingane er i første rekke det vi meiner er store og negative konsekvensar for utløpsosen og nedre delen av Storelva, og for opplevingsverdiane i landskapet kring utløpet. Vi meiner dessutan at det er viktige argument mot inngrepa i Seimestranda, lia ovanfor og mot massetippen i Breimsvatnet.

Verknadene for sysselsetting og økonomi er etter vår oppfatning ikkje av ein slik dimensjon at dei forsvarer den utbygginga det er søkt om.

Med helsing

Thorleif Jakobsen

-leiar-

